



Lars Johan Myklebust, her i Rosendalsdrakt, vert no heiltidstrenar i Belgia.(Arkivfoto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingen Lars Johan Myklebust (33) som no trenar Trio sitt A-lag, er klar for nye og spennande**

**utfordringar. Om ein månads tid, nærare bestemt 13.juli, set han kursen mot Belgia. Der får han ein draum oppfylt når han vert fotballtrenar på heiltid.**

Det er klubben BX Brussel som hentar den omtykte fotballtrenaren til Belgia. Dermed må Trio prøve å finne ein erstattar samstundes som Myklebust søker permisjon frå lærarjobben i Mauranger.

Sjølv om Myklebust berre er 33 år, har han brei trenarerfaring. Han har m.a. vore trenar for Brann 2 og Norheimsund i tillegg til dei lokale laga Rosendal og Trio. Han har alltid gjort eit godt inntrykk i klubbane han har trent. I Norheimsund samarbeidde han med Johnny Mikal Gallefoss. Gallefoss vart i fjor tilsett som trenar i BX Brussel. Då dei no skulle utvide trenarstaben anbefalte Gallefoss Myklebust ut frå dei gode erfaringane frå tidlegare samarbeid.

Det er Vincent Kompany, kjent frå både Manchester City og det belgiske landslaget, som eig BX Brussel, og klubben har hatt ei flott utvikling siste året.

Vi ønskjer Lars Johan lukke til i det nye og spennande fotballivet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland